



Ove Bjarne Hindenes  
Hindenesvegen 801  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/29 - 19/246

Saksbehandlar:  
Chadi Badra  
chadi.badra@lindas.kommune.no

Dato:  
04.01.2019

## Landbrukssak GBNR 20/2 Hindenes indre - Søknad om fritak frå gjødselplan

Eigedom: Gnr.20 bnr.2  
Adresse for eigned: Hindenesvegen 801, 5993 Ostereidet  
Type tiltak: Fritak frå krav om gjødselplan  
Søker: Ove Bjarne Hindenes

### Saka gjeld:

Det er krav om gyldig gjødselplan for å kunne søkje om og motta produksjonstilskott i landbruket. Søker meiner han driv so ekstensivt at han ikkje treng gjødselplan. Forskrift om gjødselplan §5 opnar for at kommunen kan gje dispensasjon frå kravet om gjødselplan. Grunnlaget for å gje dispensasjon er svak gjødsling og få dyr i ekstensiv drift.

### Grunnlag:

Gnr. 20 bnr.2 har 40da slåtteland og 41 da innmarksbeite. Driftforma er sau som beitar ute heile året.  
Det vert kjøpt inn 300kg. Fullgjødsel av type 18-3-15. Det vert ikkje spreidd husdyrgjødsel på innmarka anna enn det sauene legg att.  
Det er 36 vinterfora sau i drifta.  
Innkjøpt gjødsel vert nytta på 40da.

### Vurdering:

Gjødseldyreiningar er  $36:7 = 5,1$  gjd.  
Innkjøpt fullgjødsel tilsvarar 1,35kg N, 0,2 kg P og 1,1 kg K pr.da.  
Normgjødsel for driftsforma vert sett til om lag 11 kg. N.  
Det ligg ikkje føre jordprøver som kan seie noko om tilstanden i jorda.

### Konklusjon:

Spreiearealet på bruket er lite, og innkjøpt mengde fullgjødsel gjev ei gjødsling som er lavare normgjødsel.  
På denne bakgrunnen meiner landbrukskontoret søker kan få fritak frå kravet om gjødselplan.



**Vedtak:**

**Med heimel i forskrift om gjødselplanlegging §5 gjev Lindås kommune Ove Bjarte Hindenes fritak frå kravet om gjødselplan.**

**Vedtaket er gyldig i 5 år.**

**Om dyretal eller innkjøpt gjødsel endrar seg fell løyvet vekk.**

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Chadi Badra  
rådgiver

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Leif-Erik Hindenes  
Ove Bjarne Hindenes

Vabøvegen 258    5955  
Hindenesvegen    5993  
801

LINDÅS  
OSTEREIDET